



STORTINGET

Innst. 299 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
fra næringskomiteen

Meld. St. 13 (2019–2020)

**Innstilling fra næringskomiteen om Noregs fiskeri-
avtaler for 2020 og fisket etter avtalane i 2018 og
2019**

Til Stortinget

1. Sammenheng

1.1 Hovedinnholdet i meldinga

Noreg er ein havnasjon med rike fiskeressursar. Dei store mengdene fisk i norske farvatn har gjeve mat, arbeid og inntekt til det norske kystfolket til alle tider. I 2019 eksporterte Noreg villfanga fisk og fiskeprodukt for 30,9 mrd. kroner, som vart ny rekord.

Vi deler opp mot 90 pst. av fiskeressursane vi haustar av, med andre land. Det er forvaltninga av desse ressursane som er tema for dei årlege fiskeritavtalane. Avtalane skal sikre at haustinga av fiskebestandane er berekraftig. Dei er difor basert på uavhengige vitenskaplege råd om kvotar og forvaltningstiltak og inneheld forpliktande føresegner om kvotefordeling, forvaltningstiltak og kontrollsamarbeid.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noreg sin medverknad i dei ulike forhandlingsprosessane og dei internasjonale organisasjonane for ressursforvaltning:

- Å fremje ei berekraftig forvaltning av dei levande marine ressursane, basert på den best tilgjengelege vitenskaplege kunnskapen og ei økosystembasert tilnærming.
- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar.

- Å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltingsregima der Noreg tek del.

Oversikt over fiskeritavtalane

Noreg inngår tre typar internasjonale fiskeritavtar: tosidige avtar, kyststatsavtar og avtar i regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar (RFMOar).

Noreg inngår tosidige avtar med Russland, EU, Færøyane, Island og Grønland. Avtalane med Russland og EU er dei mest omfattande og gjeld felles forvaltning av bestandane vi deler i høvesvis Barentshavet og Nordsjøen. I tillegg blir det avtalt gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone og byte av kvotar. EU er forhandlingspart på vegne av Sverige og Danmark i avtalane om regulering av fisket i Skagerrak og Kattegat samt svensk fiske i norsk økonomisk sone. Avtalane med Færøyane, Grønland og Island gjeld først og fremst kvotebyte. Kvoteytet har tradisjonelt vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hos partane, men nivået avheng òg av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei tosidige avtalane omfattar dessutan kontrollsamarbeid og i ulik grad forskningssamarbeid.

Dei største bestandane i Norskehavet er makrell, norsk vårgytande sild og kolmule. Dette er bestandar som vandrar mellom sonene til fleire statar. Dei blir difor forvalta gjennom fleirsidige avtar, såkalla kyststatsavtar, mellom statane som har bestanden i sine soner. Noreg har òg ein trepartsavtale om forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen og er part i prosessen om fordeling og regulering av uer i Irmingerhavet mellom Færøyane, Grønland og Island.

FN-avtalen om fiske på det opne hav pålegg kyststatane og statar som fiskar i internasjonalt farvatn, å ta del i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrande fiskebestandar. RFMOane søker å kombinere ei lang-

siktig bevaring og best mogleg utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområda sine. Det skjer gjennom regulering av fisket, miljøtiltak og kontrollsamarbeid. RF-MOane har mellom anna vore viktige arenaer i kampen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Dei ulike organisasjonane for fiskeriforvaltning som Noreg deltek i, er nærare presentert i kapittel 3.

Kapittel 2 i meldinga gir ei kort innføring i tema som er viktige i det internasjonale fiskerisamarbeidet: Det havrettslege rammeverket, den vitskaplege rådgjevinga og dei internasjonale havmiljøprosessane legg viktige premisser for dei årlege fiskeriatvalane. Kapitlet omtalar dessutan det internasjonale samarbeidet mot UUU-fiske og fiskerikriminalitet.

Verdiane vi forhandlar om

Den samla fangstverdien av fiskeriatvalane Noreg inngjekk med andre land i 2019, er rekna til om lag 55 mrd. kroner. Noreg sin del utgjorde ein tredel av totalen, eller om lag 18,3 mrd. kroner. I tillegg kjem verdiane som blir skapt av vidareforedling av fangsten. Den reelle verdien av avtalane er avhengig av i kor stor grad Noreg nyttar kvotane fullt ut.

Figur 1.2 i meldinga viser korleis den økonomiske verdien vart fordelt mellom dei viktigaste avtalane i 2019. Denne fordelinga vil variere ein del frå år til år, som følgje av endringar i storleiken på kvotane og prisane i marknaden for dei ulike artane. Figuren illustrerer like fullt den økonomiske tyngda av dei ulike avtalane.

Torsken i Barentshavet er den kommersielt viktigaste bestanden i Noreg, og den norske kvoten hadde i 2019 ein verdi på om lag 8,3 mrd. kroner. Det er grunnen til at meir enn halvparten av dei samla verdiane av fiskeriatvalane kjem frå Russlandsavtalen. 31 pst. av verdiane frå avtalane totalt skriv seg frå kyststatsavtalane for dei tre pelagiske bestandane. Makrellen er for tida den viktigaste med ein verdi på om lag 3,2 mrd. kroner i 2019. Avtalen med EU om forvaltninga av fellesbestandane i Nordsjøen stod for åtte prosent av verdiane. Skagerrakavtalen med EU stod for nesten to pst. av dei samla verdiane i 2019.

1.2 Fiskeriatvalane for 2020

Figur 1.3 i meldinga viser den avtalte totalkvoten for viktige bestandar for Noreg i perioden 2016–2020. Dei endelege kvotane til Noreg vil skilje seg noko frå denne fordelinga, fordi vi byter kvotar i dei ulike avtalane etter at totalkvotane er fastsette.

Kapittel 3 i meldinga presenterer dei fastsette kvotane og fordelinga av desse i alle dei ulike avtalane. Kapittel 4 inneheld ein gjennomgang av status og vitskapleg rådgjeving for dei ulike bestandane.

Avtalen med Russland

Noreg og Russland har avtalt totalkvotar for 2020 på fellesbestandane i Barentshavet og fordelinga mellom Noreg, Russland og avsetjing til tredjeland. Landa har òg avtalt gjensidig rett til å fiske i kvarandre sine soner og har bytt kvotar som gjeld både fellesbestandar og nasjonale bestandar.

Det er semje mellom dei to landa om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter at det er fastsett kvote til tredjeland, vert kvotane for nordaustarktisk torsk, nordaustarktisk hyse, blåkveite, snabeluer og lodde fordelt i tråd med den faste prosentvise fordelinga.

Torske- og hysebestandane vert delt likt mellom Noreg og Russland. Tredjelandskvoten vert bytta mot kvotar på andre artar. Torskekvoten er 1,8 pst. høgare enn i 2019. Kvotenivået er venta å sikre eit høgt utbytte på lang sikt. Hysekvoten er sett opp med 25 pst. frå 2019.

Noreg og Russland vedtok å vidareføre kvotefleksibilitet mellom år i fisket etter torsk og hyse. Det inneber at partane kan overføre inntil 10 pst. av kvoten til neste år, eller fiske inntil 10 pst. av eigen kvote på forskot.

På grunn av låg gytebestand vart det bestemt å ikkje opne for kommersielt loddefiske i Barentshavet i 2020.

Noreg og Russland er einige om å vidareføre arbeidet i analysegruppa i 2020, som har vore sentral i kontrollsamarbeidet med Russland i Barentshavet.

Avtalane med EU

Hovudavtalen mellom Noreg og EU består av to element: forvaltning av felles fiskebestandar i Nordsjøen og eit byte av fiskekvotar. Avtalen gir òg gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone i Nordsjøen.

Av fellesbestandane i Nordsjøen er det silda og sei en som har den største kommersielle verdien for Noreg. Noreg har 29 pst. av sildekvoten og 52 pst. av seikvoten.

Rekrutteringa i Nordsjøen har vore på eit lågt nivå for mange bestandar dei siste åra. Årsaka er kompleks og kan skuldast både samansetjing av plankton og endringar i temperaturen. I avtalen for 2020 måtte torskekvoten halverast. I tillegg vart det semje om å innføre stengingar av område for å beskytte torsken. Kvoten for sild vart halden på same nivå som i fjor. Kvoten for sei vart noko redusert.

Den viktigaste enkeltfaktoren bak kvotebyttet mellom EU og Noreg er avtalen om plikt om å tilby EU 4,14 pst. av den totale kvoten for torsk i nord. Òg andre bestandar er med i bytet. I tillegg byter EU til seg sei, hyse og blåkveite i nord og lysing og reker i Nordsjøen. Noreg byter mellom anna til seg kolmule, lange, brosme, sei, blåkveite, brisling, augepål og ein del kvotar i grønlandsk farvatn.

Noreg og EU samarbeider òg om kontroll og overvaking av ressursuttaket.

Noreg og EU har i tillegg inngått avtalar om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske

delen av Nordsjøen (nabolandsavtalen). Det er silde- og rekefisket i Skagerrak som er av størst interesse for norske fiskarar. Rekekvoten vert fastsett basert på årlege tokt i januar. Den foreløpige kvoten for reker vart betydeleg auka for 2020.

Kyststatsavtalane

MAKRELL

Makrellbestanden har vore i ganske god forfatning dei siste åra. Noreg, EU og Færøyane inngjekk i 2014 ein femårig rammeavtale for forvaltning av makrell som i 2018 vart forlengd ut 2020. Avtalen gjev Noreg 26,67 pst. av delen til dei tre partane i avtalen. Det er sett av 15,6 pst. til andre partar som ikkje er med i avtalen. Desse partane gjev seg sjølv svært høge kvotar og fiskar difor mykje meir enn den avsatte mengda. Dette fisket går føre seg i aukande grad i internasjonalt farvatn, sidan det ikkje har vore mogleg for desse partane å fiske så mykje makrell i eigne økonomiske soner. Det er gjort forsøk på å inkludere Island og Grønland i makrellavtalen, men det har ikkje lukkast. Noreg, EU og Færøyane har difor frå og med 2015 inngått årlege trepartsavtalar om forvaltning av makrell, i tråd med rammeavtalen frå 2014 og 2018.

Avtalepartane vart einige om å sette ein samla kvote på 922 064 tonn for 2020. Dette er i samsvar med rådet frå ICES og tilsvarar ein auke på rundt 40 pst samanlikna med totalkvoten for 2019. Dette gjev Noreg ein kvote på 207 551 tonn. Makrellen er kommersielt sett den nest viktigaste bestanden for Noreg.

Norsk vårgytande sild (nvg-sild)

Norsk vårgytande sild er den største sildebestanden i verda, men har vore inne i ein periode med reduksjon. EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland er kyststatar til nvg-silda. Dei siste åra har Færøyane kravd ein høgare del av den totale kvoten. Det færøyske kravet har ført til at spørsmålet om delinga mellom partane har blitt opna på nytt. Kyststatane har forhandla om delinga i fleire forhandlingsrundar, men har ikkje klart å bli einige om ein ny fempartsavtale.

For 2020 har partane blitt samde om ein totalkvote på nvg-sild på 525 594 tonn. Fram til no er det ikkje nådd ein avtale om fordelinga av andelar til statane, og kvotane vert fastsette unilateralt. I mangel på semje mellom alle partane inngjekk Noreg og EU 12. desember 2019 ein bilateral sonetilgangsavtale for nvg-sild og kolmule for 2020. Avtalen gjev begge partar tilgang til å fiske sine tradisjonelle delar av kyststatskvotane i kvarandre sine farvatn. Kvotane bind ikkje partane opp med omsyn til framtidige forhandlingar om delar. I ein situasjon utan avtalar gjev tilgangsavtalen noko stabilitet for 2020. Med utgangspunkt i ein felles kyststatsrapport om nvg-silda si sonetilhøyrslar

Noreg sett ein kvote for 2019 som inneber ein del på 76 pst.

KOLMULE

Kolmule er den tredje store pelagiske bestanden i Nordaust-Atlanteren. I bestandsvurderinga vart 2017-årsklassa rekna for å vere svak, og dette vil sannsynlegvis føre til ein nedgang i bestandsstørrelsen og til en reduksjon i fiskemoglegheitene når 2016- og 2017-årsklassene er fullt rekruttert i fiskeriet frå 2020. Bestanden blir like fullt hausta berekraftig. Etter initiativ frå EU har partane utarbeidd ein felles rapport om sonetilhøyrslar for kolmulebestanden. Med utgangspunkt i rapporten krev EU ein høgare del av totalkvoten. Færøyane har følgd opp og krev også ein større del. Kyststatane har dei seinaste åra forhandla i fleire runder om ei ny fordeling av bestanden, men ein har førebels ikkje lukkast i dette.

I forhandlingane for 2020 vart partane samde om ein totalkvote (TAC) på 1 161 615 tonn. TAC er basert på ICES si rådgjeving og forvaltningplanen som er evaluert av ICES. I mangel på semje mellom alle partane inngjekk Noreg og EU i desember 2019 ein bilateral sonetilgangsavtale om nvg-sild og kolmule for 2020 (sjå omtale om nvg-sild).

1.3 Dei regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonane

Noreg er i dag medlem av fem regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar, i tillegg til Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC) og Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen (NAMMCO).

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC)

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen har ein samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partar sine økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Dette gjeld kolmule, norsk vårgytande sild, makrell og uer. I tråd med kyststatsavtalen for kolmule for 2020 vedtok årsmøtet ein kvote for fisket i internasjonalt farvatn på 92 452 tonn, fordelt på Danmark (Grønland) og Russland. Årsmøtet vedtok også ei regulering av fisket etter norsk vårgytande basert på kyststatsavtalen om ein totalkvote på 525 594 tonn. Reguleringa inneber at kyststatane kan fiske sine nasjonale kvotar i internasjonalt farvatn. Når det gjeld makrell, er kyststatane ikkje einige om ein avtale for 2020 som omfattar alle partar. Årsmøtet vedtok likevel ei regulering for internasjonalt farvatn basert på totalkvoten anbefalt av ICES og som også svarer til totalkvoten vedtatt i trepartsavtalen mellom Danmark (på vegne av Færøyane og Grønland), EU og Noreg. Reguleringa sikrar rapportering og hindrar ekspansjon i fisket av statar som ikkje er kontraktspart til NEAFC. Partane vart ikkje einige om regulering av fisket etter uer i Irmingerhavet eller ei regulering av uer i Norskehavet.

Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen (NAFO)

Mange av bestandane som blir forvalta av NAFO, er under moratorium. Noreg har rett til å fiske på lodde, torsk og to rekebestandar. Dei siste åra er det berre torskefisket som har vore ope, men med grunnlag i vitskapslege vurderingar vart også rekefisket i område 3M opna for fiske i 2020. Rekefisket er per i dag regulert med eit fiskedøgnsregime, men partane skal møtast i 2020 for å vurdere ein overgang til eit ordinært kvoteregime. NAFO har dei siste åra lagt stor vekt på å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem blir skåna. I dag er i alt 20 område i NAFO stengde for fiske med botnreiskapar for å verne konsentrasjonar av korallar og svamp som har særleg sårbare økosystem. Stengingane gjeld også fleire område med undersjøiske fjell. I 2018 gjennomførte eit panel bestående av både interne og eksterne ekspertar NAFO si andre prestasjonsevaluering. I sin rapport påpeikte panelet blant anna at NAFO har gjort stor framgang med tanke på modernisering av organisasjonen, herunder vore meir gjennomsiiktig og synleg i sitt arbeid, styrkt arbeidet med å inkludere føre-var-betraktningar og økosystembasert forvaltning i sine avgjerdsprosessar, betra innsamling av data samt styrkt samarbeidet mellom forskarar og forvaltarar. Panelet kom samtidig med ei rekkje forslag til forbetringar innanfor ulike område. Under årsmøtet i 2019 vart ein plan for oppfølging av panelet sine tilrådingar vedtatt.

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk (ICCAT)

Noreg hadde i perioden 2007–2013 forbod mot fiske og landing av makrellstørje på bakgrunn av bestandssituasjonen og fordi totalkvoten vart sett høgare enn tilrådd. Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk har no klare indikasjonar på at den negative trenden er snudd, og at tilstanden til bestanden er betre. Noreg opna for fangst av den norske kvoten i 2014. Totalkvoten på austleg makrellstørje og den norske kvoteandelen har auka dei siste åra. I 2018 vedtok ICCAT ny forvaltingsplan for austleg makrellstørje. I 2019 var den norske kvoten 239 tonn, medan den i 2020 er auka til 300 tonn. Dette gjev fleire fartøy høve til å få delta i makrellstørjefiske i norske farvatn.

Kommisjonen for bevaring av dei marine levande ressursane i Antarktis (CCAMLR)

CCAMLR vidarefører kvotane på krill i Antarktis på same nivå som tidlegare. Det finst store krillressursar i konvensjonsområdet, men i dag går storparten av fisket føre seg i CCAMLR-område 48, det vil seie Antarktis-halvøya, Sør-Shetland, Sør-Orknøyane og Sør-Georgia. Det er fastsett ei fangstgrense for heile konvensjonsområdet på 5,6 millionar tonn. Enorme avstandar og utfordrande vær- og istilhøve i fangstsesongen verkar

inn på kor god tilgang fartøya har til fangstområda, og dermed òg på kor lenge og kor mykje krill fartøya kan fiske. Dei siste åra var totalfangsten av krill på mellom 230 000 og 280 000 tonn. I område 48 er fangstgrensa sett til 620 000 tonn, dvs. meir enn dobbelt så mykje som fangstnivået i dag. Kvoten er ikkje delt mellom dei enkelte medlemmane. Den norske flåten fiskar om lag 60 pst. av den totale krillfangsten i konvensjonsområdet.

Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen (SEAFO)

Den overordna målsetjinga til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i det søraustlege Atlanterhavet. Konvensjonsområdet er avgrensa til det opne hav og omfattar såleis ikkje den økonomiske sona til kyststatane i området. Det er sju partar (Noreg, Namibia, Angola, Sør-Afrika, EU, Japan og Sør-Korea) som har ratifisert SEAFO-konvensjonen og difor er for fulle kommisjonsmedlem å rekne. I tillegg har Storbritannia, Island og USA status som observatørar i kommisjonen.

Under førre årsmøte vart kvotereguleringar for alle relevante bestandar for 2019 og 2020 fastsette: 275 tonn tannfisk, 371 tonn krabbe, 200 tonn alfonsino, 135 tonn pelagisk armourhead. Det vart òg fastsett ein bifangstkvote på 54 tonn raud keisarfisk. Det er lenge sidan norske fartøy har fiska i SEAFO-området.

Den internasjonale kvalfangstkommisjonen (IWC)

Den norske kvoten på vågekval blir fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i Den internasjonale kvalfangstkommisjonen sin vitskapskomité. Vitskapskomiteen i IWC starta ein gjennomgang av det norske fangstgrunnlaget for vågekval i 2014. Komiteen konkluderte med at nye genetiske analysar ikkje gjev grunnlag for å dele opp i underområde for Barentshavet, Svalbardområdet og Norskehavet. Bestandsvurderinga som norske forskarar presenterte, vart også i hovudsak godteke. Kvoten for vågekval er i 2020 på 1 278 dyr og inneber ei vidareføring av kvoten frå i fjor. Fangstområda er også slått saman, i tråd med dei vitskapelege råda frå IWC.

NAMMCO har ansvaret for bevaring og fangst av sjøpattedyr i Nordatlanteren. Ansvaret til organisasjonen inkluderer heile spekteret av sjøpattedyr, altså storqual, småqual, sel og kvalross. Viktige område for Noreg er NAMMCO si behandling av vår forvaltingsmodell for fangst av kystsel, spørsmål om dyrevelferd og fangsttryggleik i kval- og selfangst og utfordringar knytte til bifangst av sjøpattedyr i norske fiskeri. I 2020 fann NAMMCO sitt årsmøte stad i Oslo.

1.4 Fisket etter avtalane i 2018 og 2019

Norske fiskarar utnyttar generelt kvotane godt, og for dei kommersielt viktigaste bestandane blir kvotane nytta så godt som fullt ut, jf. tabell 1.

Tabell 1: Norsk utnytting av dei kommersielt viktigaste kvotane i 2018 og 2019

	Utnyttingsgrad ¹	
	2018	2019
Barentshavet, Noreg – Russland		
Torsk	105 pst.	98 pst.
Hyse	93 pst.	108 pst.
Nordsjøen og Skagerrak, Noreg – EU		
Sild	94 pst.	91 pst.
Sei	72 pst.	105 pst.
Fleirpartsavtalar		
Norsk vårgytande sild (nvg-sild)	109 pst.	105 pst.
Makrell	99 pst.	104 pst.
Kolmule	104 pst.	98 pst.

¹ Oversikta tek ikkje omsyn til overføringar mellom år (kvotefleksibilitet), men tek utgangspunkt i fangst i det einskilte år. For fiskeslaga i tabellen kan ein normalt overføre inntil 10 pst. av kvotane mellom år. Avvik frå full utnytting tyder altså ikkje nødvendigvis at kvotane ikkje vert fiska opp, eller er overfiska.

Tilgangen til å fiske i andre land sine soner vert nytta i ulik grad. Til dømes nyttar Noreg sonetilgangen i russisk sone lite, då vi har god tilgang i eiga sone på dei fleste bestandane vi deler med Russland.

Noreg nytta heile den norske sildeknoten. Torskebestanden minkar, og kvoten for 2019 vart senka med ein tredjedel i forhold til kvoten i 2018. Utnyttinga av torsk- og hyseknotane har vore god. Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra nytta fellesbestandane i Nordsjøen relativt godt, det same gjeld kvotane dei har i norsk sone nord for 62°N.

I EU-farvatna vart dei norske kvotane av dei pelagiske artane kolmule, augepål og havbrisling godt nytta. Fisket til dei norske linefartøya på fiskeslaga lange og brosme har vore på eit tradisjonelt nivå, likevel med ein nedgang i langefiskeria. Det norske fisket i Skagerrak har dei siste åra i hovudsak vore konsentrert om reker og sild. EU har fiska mest av artane torsk, raudspette, sild og reker i Skagerrak. Sverige har stort sett nytta sine kvotar i norsk økonomisk sone godt.

Alle kyststatane har nytta kvotane sine av dei pelagiske artane norsk vårgytande sild, kolmule og makrell godt. Det har diverre ikkje vorte opna for eit loddefiske sesongen 2018/2019 ved Island, Grønland og Jan Mayen. Heller ikkje i Barentshavet i 2019.

Kapittel 5 i meldinga rapporterer om fisket etter dei ulike avtalene, med vekt på norsk utnytting av kvotane.

1.5 Bestandane – status og rådgjeving

Kapittel 4 i meldinga gjer greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane Noreg deler med andre land, og dei vitskaplege råda om korleis bestandane bør regulerast. For kvart geografiske område – Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen – er det til innleiing ei kort oversikt over tilstanden i økosystemet og dei viktigaste bestandane der.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsunn Lyngedal, Cecilie Myrseth, Nils Kristen Sandtrøen og Terje Aasland, fra Høyre, Margunn Ebbesen, Guro Angell Gimse, Kårstein Eidem Løvaas og Tom-Christer Nilsen, fra Fremskrittspartiet, Morten Ørsal Johansen og Bengt Rune Strifeldt, fra Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen og lederen Geir Pollestad, fra Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, fra Venstre, André N. Skjelstad, og fra Kristelig Folkeparti, Steinar Reiten, viser til Meld. St. 13 (2019–2020) Noregs fiskeriavtalar for 2020 og fisket etter avtalane i 2018 og 2019. Meldingen omtaler fiskeriavtalene Norge har inngått med andre land for 2020, og fisket etter avtalene i 2018 og 2019. Komiteen mener at meldingen gir en nyttig og god innføring i viktige tema i det internasjonale fiskerisamarbeidet, som det havrettslige rammeverket, internasjonale havmiljøprosesser, kontrollsamarbeid og kampen mot ulovlig, uregulert og urapportert fiske og fiskerikriminalitet. I tillegg redegjøres det i meldingen for status og vitenskapelige råd for de viktigste bestandene vi deler med andre land.

Komiteen viser til at Norge i 2019 oppnådde ny rekord når vi eksporterte villfanget fisk og fiskeprodukt for 30,9 mrd. kroner. Komiteen er kjent med at vi deler om lag 90 pst. av fiskeressursene vi høster av, med andre land. Det er forvaltningen av disse ressursene som er tema for de årlige fiskeriavtalene. Komiteen understreker betydningen av at avtalene sikrer at høsting av fiskebestandene er bærekraftig.

Komiteen viser til at den samlede fangstverdien under fiskeriavtalene Norge inngikk med andre land i 2019 er anslått til om lag 55 mrd. kroner. Norges del utgjorde en tredel av totalen, eller om lag 18,3 mrd. kroner. I tillegg kommer verdiene som blir skapt av videreforedling av fangsten.

Komiteen merker seg at kommersielt er torsken i Barentshavet den viktigste bestanden Norge har, og den norske kvoten hadde i 2019 en verdi på om lag 8,3 mrd. kroner. Dette er grunnen til at mer enn halvparten av de samlede verdiene av fiskeriavtalene kommer fra avtalen med Russland.

31 pst. av verdiene fra avtalene totalt skriver seg fra kyststatsavtalene for de tre pelagiske bestandene. Makrellen er for tiden den viktigste bestanden med en verdi på om lag 3,2 mrd. kroner i 2019. Avtalen med EU om forvaltningen av fellesbestandene i Nordsjøen stod for 8 pst. av verdiene. Skagerrak-avtalen med EU stod for nesten 2 pst. av de samlede verdiene i 2019.

Komiteen merker seg at det i meldingen fremgår at norske fiskere generelt utnytter kvotene godt, noe som er positivt. Tilgangen til å fiske i andre lands soner blir utnyttet i ulik grad, bl.a. utnyttes sonetilgangen i russisk sone lite, siden vi har god tilgang i egen sone på de fleste bestandene vi deler med Russland.

Komiteen ser det som positivt at Norge over tid har tatt en aktiv rolle i det internasjonale havsamarbeidet både gjennom utvikling av internasjonalt regelverk og forvaltning av fiskeriene og havmiljøet, og komiteen ser det som viktig å prioritere dette arbeidet også i årene som kommer. Komiteen ser det også som svært viktig at vi fortsetter å legge stor vekt på arbeidet mot ulovlig, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) og fiskekriminalitet både nasjonalt og internasjonalt. Komiteen er tilfreds med at det også i år fastslås i meldingen at Norge har stor påvirkningskraft globalt gjennom faglige bidrag.

Komiteen er kjent med at havmiljøspørsmål de siste årene har fått økt interesse i FNs generalforsamling, i globale miljøkonvensjoner og i opinionen. Arbeidet som pågår i internasjonale havmiljøprosesser, som f.eks. FNs årlige resolusjoner om havmiljø og fiskerispørsmål, påvirker også handlingsrommet for vår egen havressursforvaltning, og det er derfor viktig at Norge prioriterer å delta og fortsetter å ta viktige initiativ.

Komiteen merker seg at i november 2019 leverte fiskerikontrollutvalget sin utredning NOU 2019:21 Framtidens fiskerikontroll. Utvalget har identifisert flere utfordringer for dagens ressurskontroll. Komiteen imøteser den videre oppfølgingen av dette arbeidet.

Komiteen er kjent med at Norge skal forhandle fram en egen fiskeriatvtale med Storbritannia etter brexit. Komiteen viser til at Storbritannia er en betydelig fiskerinasjon i Nordøst-Atlanteren, og forutsetter at regjeringen prioriterer å forhandle fram en avtale med Storbritannia som sikrer norske interesser på en god måte.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti mener det er problematisk at bytteforholdet mellom Norge og EU medfører at Norge gir bort fiskeslag som de mindre flåtegruppene kan fiske på, og bytter mot fiskeslag som er utilgjengelige for disse gruppene. Det har vært et mønster hvor man har tatt torsk fra kyst- og fjordfiskere i nord og fått i bytte fiskeslag som bare havgående fartøy på Vestlandet kan dra nytte av. Bytteforholdet blir med det urettferdig, hvor man

tar fra den enes lommebok og gir til den andre. Dette medlem mener at ved bytte av fiskekvoter mellom land etter at kvotene er fastsatt, skal det tas hensyn til at fisken man bytter til seg, i så stor grad som mulig kan fiskes av de samme fartøygruppene som den fisken man bytter fra seg.

Dette medlem viser til at byttet i praksis foregår slik at Det internasjonale havforskningsrådet først kommer med sin anbefaling om tåleevnen for de ulike fiskeslagene, så forhandler nasjonene seg imellom om hvordan totalkvoten skal fordeles mellom landene ut fra det rådet. Først seinere blir den nasjonale kvoten fordelt mellom de ulike fartøygruppene. Dette medlem vil understreke at man altså gjør avtale med EU om bytte av fisk før man fordeler til fartøygruppene.

Dette medlem mener denne ordningen er problematisk fordi det går på tvers av nasjonale kjøreregler for hvordan bl.a. torsken skal fordeles, gjennom trålstigen, som i korte trekk innebærer at rundt 30 pst. skal tas fra den havgående flåten, og de resterende 70 pst. skal tas fra den kystgående flåten. Dette medlem mener en ordentlig forståelse av hva trålstigen omfatter, må omfatte hele den norske totalkvoten på torsk, og at bytteordningen slik den er organisert, røkter ved prinsippene i norsk fiskeri. Det er problematisk når en så stor del av torsken blir gitt til EU, og det bare er den havgående flåten som kan benytte seg av den kvoten vi får tilbake.

Dette medlem vil samtidig understreke at denne kritikken ikke vedgår avtaleforholdet til EU som sådan, men måten byttet organiseres på. Dette medlem mener dette kvotebyttet er i strid med grunnlaget for fordelingen mellom fartøygruppene.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at 90 pst. av bestandene som Norge fisker på, deles med andre kyststater. Flertallet legger til grunn at tredjelandskvoter og kvotebytte i hovedsak er basert på historiske rettigheter og en enighet mellom kyststatene som har gitt stabilitet i om lag 40 år. Det vises til kapittel 3 i meldingen, som beskriver at tredjelandskvoter/bytte i hovedsak er kvoter basert på historiske rettigheter fra tiden før opprettelsen av 200-mils økonomiske soner, og at dette dreier seg om rettigheter i farvann som den gang var internasjonale og utenfor noen enkeltstaters fiskerijurisdiksjon. I prosessen med etableringen av 200-mils økonomiske soner ble det avtalt å legge til grunn disse historiske forholdene og andelene av fisket, og samtidig redusere tredjelandskvoter i norsk sone til et nivå der det var balanse mellom norske historiske rettigheter i EU-farvann, og EU-flåtens rettigheter i norske farvann.

Flertallet viser til at denne enigheten medførte at EU-flåtens fiske i Norges økonomiske sone ble redusert med en tredjedel, og at kyststater som hadde ensidig fastsatte kvoter, ble utelukket. EU-kvoten avstemmes mot reelle balanseforhold, og det vises til at om lag 7 920 tonn av torskekvoten ble holdt tilbake i 2019. I forbindelse med EØS-avtalens inngåelse ble disse avtalene revidert med utgangspunkt i avtalene fra 1980, der Norge påtok seg en folkerettslig forpliktelse for de gjensidige kvoteutvekslingene. I tillegg er det også historiske rettigheter og bytte knyttet til Smuthavet og grønlandsk farvann, som er regulert ved avtale med Island i 1999 og Grønland i 1992.

Flertallet peker på at tredjelandskvotene ikke går på bekostning av kystflåten, fordi disse kvotene i hovedsak aldri har vært med i grunnlaget for tildeling av kvoter til norske fartøyer. Disse kvotene har historisk vært tildelt og fisket av andre lands fartøyer, og ikke norske fartøyer. Flertallet viser til at det derfor ikke er riktig å si at disse kvotene tas fra enkelte av de norske fartøygruppene.

Flertallet vil understreke at det å rokke ved disse grunnleggende, historiske rettighetene og de inngåtte

avtalene vil kunne sette i fare tilsvarende norske, historiske rettigheter og en enighet som har eksistert i 40 år mellom de aktuelle kyststatene. I tillegg vil det kunne true et komplisert og følsomt avtaleverk. Det vil kunne øke sannsynligheten for at enkeltstater fastsetter egne kvoter og kvoteandeler, uavhengig av historisk og reell fordeling, slik man har sett enkeltteksempler på. Dette kvotebyttet er en del av grunnlaget for etableringen av 200-mils økonomiske soner og eksisterende avtaler, som har gitt kyststatene bedre kontroll med bestandene og gitt grunnlag for et bærekraftig fiske.

3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og råder Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 13 (2019–2020) – Noregs fiskeriatvatar for 2020 og fisket etter avtalane i 2018 og 2019 – vedlegges protokollen.

Oslo, i næringskomiteen, den 19. mai 2020

Geir Pollestad

leder

Cecilie Myrseth

ordfører

